

Hordaland fylkeskommune
08 NOV 2017

Avtale om anleggsbidrag

mellom

Hordaland fylkeskommune

(org. nr. 938 626 367 mva)

Adresse: PB 7900,5020 BERGEN

"HFK"

og

Kvinnherad kommune

(org.nr. 964 967 636 mva)

Adresse: Rosendalsvegen 10, 5470 Rosendal

"KK"

Bakgrunn

KK skal på vegne av HFK byggja «Ny veg gjennom Lundssvingane», del av fylkesveg 48 i samsvar med avtalte tekniske planar for veg- og VA-anlegg, og i tråd med godkjend reguleringsplan. Prosjektet er ein del av «Kvinnheradpakken», og er nærare omtalt i bompengesøknaden for denne.

For deler av strekninga vert det etablert heilt ny veg gjennom fjellskjæring. Den gamle parallelle vegen vert etter nærare avtale overteken av Kvinnherad kommune (nedklassifisert til kommunal adkomstveg).

Den nye vegen med tilhøyrande anlegg som overvassystem, murar, gateljos m.m. skal i si heilhet overtakast av HFK. Einaste som ikkje skal overtakast er vass- og avløpsleidningar som KK får rett til å ha liggjande i tilknytning til veganlegget. Den nye fylkesvegen vert i første omgang finansiert med forskoteringsmidlar frå HFK og KK, men inngår som ein del i «Kvinnheradpakken», der samla finansiering også er bompengar frå 3 ferjestrekningar, kompensasjonsmidlar og full mva-kompensasjon.

Ferdig ny fylkesveg skal i si heilhet eigast av, drivast og vedlikehaldast av HFK.

Kontraktar

Kommunen er byggherre og avtalepart med dei entreprenørar som skal førestå utbygginga av aktuell infrastruktur, og blir såleis byggherre for arbeida etter byggherreforskrifta og utøver dei rettigheter og plikter som tilligger byggherrollen. Kontrakt med entreprenørar skal baserast på NS8405 eller

NS8406 etter byggherrens valg og tilpasningar. Utbygger skal sørge for at kontraktane som nevnt over inngås i tråd med regelverket om offentlige anskaffingar.

Anleggsbidrag

HFK skal i første omgang yta slike anleggsbidrag (forskottering) til Kvinnherad kommune:

År 2017: Kr. 3.600.000,- / År 2018: Kr. 6.400.000,-.

Seinare går både HFK og KK inn med betydelege midlar i ein samla «Kvinnheradpakke», som dette prosjektet er ein del av.

HFK overfører i denne avtalen retten til MVA- kompensasjon til utbygger av anlegget, Kvinnherad kommune.

Tvistar

Tvistar i samband med denne avtalen eller som følge av denne vert avgjort av dei ordinære domstolar.

Partene vedtar Sunnhordland Tingrett som rett verneting.

Underskrifter

Denne avtalen er utferdiga i 2 – to – originaleksemplar der partane beheld kvar sitt eksemplar i underteikna stand.

[Stad], [dato]

Hordaland fylkeskommune



KVINNHHERAD KOMMUNE
Rådmannen
Kvinnherad kommune